

SLUTTRAPPORT

Prosjekt:	Leve Heile Livet, Forstudie, Fase 1.
Dato:	29.01.20
Prosjektleder:	Birgitte Skare
Prosjektansvarlig:	Elise Jakobsen

Vurdering av fasens måloppnåelse (vise til fagrapport)

Etter denne forstudien har me hatt som mål å få utretta fylgjande:

«Me har, etter å gjennomført ein grundig kartlegging, utarbeidd ein liste over områder som må betrast eller setjast i verk, for tilbodet til dei eldre over 65 år, innan 01.02.20.»

Prosjektet fokuserte på å gjennomføre kartlegging av behova hjå brukarane over 65 år, samt kva slags tilbod og tenester Ål kommune kan tilby i møte med målgruppa. Me har oppnådd resultatmålet, som resulterte i ein liste over områder som bør betrast:

1. Transport ut i grendene
2. Aldersvenlege boligar m/fellesområde
3. Strøying/brøyting/parkering
4. Frivilligheit og informasjon
5. «Skravlekoppen»
6. Tro og Liv
7. Mat og måltid «Det gode måltid»
8. Generasjonsmøter
9. Organisering av heimesjukepleia «færre tilsette å halde seg til»
10. «Kva er viktig for deg»
11. Fast oppfølging av fastlege for dei over ein viss alder

Prosjektlear (PL) visar til vedlagt fagrapport for ein meir utfyljande oversikt.

Gjennomføring i forhold til prosjektplanen (hovudaktivitetar og framdrift)

Fylgjande hovudaktivitetar skulle gjennomførast i dette forstudie:

- 1. Spreie informasjon om reforma for å skape forankring, eigarforhold og engasjement.**

For å få til dette, har me deltatt på ei rekkje ulike settingar.

- Leve heile livet, stod på agendaen på kommunestyremøte i september.

- Prosjektleder (PL), prosjektansvarleg (PA) og Fag- og gjennomføringsansvarleg for «Utviklingscenter for Sjukeheim og Heimeteneste» (USHT) har vore på nettverkssamling for eit Aldersvennleg Noreg. Ny samling i mars 2020.
- PL og PA var på storavdelingsleiarmøte i kommunen og informerte om reforma.
- PL har vore på sektormøte innan Helse og Omsorg og hatt ein gjennomgang av prosjektet. Ny gjennomgang i februar 2020.
- PL har vore på personalmøte i heimetenesta og hatt ein presentasjon av prosjektet for dei tilsette.
- PL og PA har hatt presentasjon om reforma til eldrerådet, samt invitert eldrerådet med på planleggingsmøte i forkant av dialogmøte.
- Prosjektgruppa innbydde til ope dialogmøte på Kafè Tid, med to annonsar i forkant i Hallingdølen. Det møtte 19 personar, kvinner og menn, i alder 60 – 80 (omtrentleg). Dei fekk god informasjon om reforma *Leve heile livet*, før me satt i gang workshop.
- Kommunalsjefar, rådmann og ordførar har vore informert om prosjektet heile vegen.
- PL og PA, i samråd med USHT (Utviklingscenter for sjukeheim og heimesjukepleie), inviterte alle Hallingdalskommunane til ein inspirasjonsdag i Ål kulturhus den 12.12.19, med *leve heile livet* på agendaen.
- PL har vore på avdelingsleiarmøte innan sektor oppvekst, for å informere om prosjektet og innhente informasjon om kva deira sektor gjer for dei eldre.

2. Kartlegging av noverande tilbod og aktivitetar i kommunen, samt kva som er behovet for målgruppa.

- Alle avdelingsleiarar innan Helse- og Omsorgssektoren har fylt ut ein oversikt over alle tilbod og aktivitetar knytt mot dei fem hovudområda i *Leve heile livet*. Me måtte ta nokre rundar for å sikre at alt var hugsa på.
- Eldrerådet har medverka i planlegginga av dialogmøte, nokon av dei møtte på dialogmøte, og har på den måten hatt mogelegheit til å ytre meiningar og behov.
- Innbyggjarar i Ål kommune i alder 65 + fekk invitasjon til å delta på dialogmøte, og der fekk me kartlagt behova og ynskja til 19 stk.

3. Fastsetja vidare betringsområdar i tenesta til dei eldre over 65 år.

- Prosjektgruppa har samanfatta alle behova, sett opp mot dei tilbod og tenestar Ål kommune kan tilby i dag. Dette arbeidet resulterte i ein liste på 10-12 betringsområdar.

4. Søke midlar gjennom fylkesmannen

- PL og PA har utarbeida ein søknad om støtte til innovasjonsmidlar for å kunne drive prosjektet vidare.

5. Fremje sak til kommunestyremøte i februar 2020 om betringsområda me vil jobbe med, budsjett og tidsperspektiv.

- Styringsgruppa (SG) meiner at me treng noko meir førebuing, og vil difor utsetje til mars/april månad.

Har prosjektorganisasjonen og ressursdisponeringa fungert?

Ein viktig suksessfaktor har vore at PL har jobba meir enn dei avsette 50 %. Frå 01.01.19, vart stillinga til PL i Leve heile livet auka, frå 50 % til 60 %, med ein forkorta totallengde i prosjektet på ein månad. I periodar har prosjektet kravd meir jobbing enn avsett stillingsprosent, dette for å imøtekomme tidsfristar.

Med god struktur har me greidd å halde oss nokon lunde til planen, tross travle tider for alle i PG. Me enda opp med noko meir møteverksemd, grunna planlegginga av dialogmøte, men ikkje alle prosjektmedarbeidarar har fått til å møte opp på alle PG-møter. Det har vore merkbart at det er andre pågåande prosjekt i kommunen, der nokon av dei same folka er engasjert.

I denne perioden har eldrerådet for perioden 2015-2019 vore på eit avtroppande stadium, og det har difor vore vanskelig å få med ein representant inn i styringsgruppa. Me vonar på betre deltaking og samarbeid i neste fase med det nye eldrerådet som går frå 2019-2023.

Kostnader og finansiering (prosjektregnskap)

Kostnader i samband med forstudie har vorte dekt av eksisterande opplæringsmidler/prosjektmidlar. Utviklingscenter for Sjukeheim og Heimetenester (USHT) har også vore ein viktig bidragsytar.

Budsjetterte kostnader		Finansiering, kostnader totalt	
Kostnadsart/Kostn pr hovedakt	Budsjettert Beløp	Finansieringstype og kilde	Totalt beløp
Inspirasjonsdag (mat+foredragsholdere)	100 000,-	USHT	48 132,-
Prosjektleder 50-60 %	198 750,-	Prosjektmidler	114 832,-
Driftskostnader; mentor PLP, møter etc	20 000,-	Ål kommune, opplæringsmidler	6000,-
Mat Kafè Tid dialogmøte	--	Ål kommune, opplæringsmidler	5000,-
Aldersvennleg konferanse 26/8	--	Ål kommune, opplæringsmidler	6790,-
Omsorgskonferansen Drammen	--	Ål kommune/USHT	2569,-
Sum	318 750,-	Sum	183 323,-

Viktige erfaringar til bruk i framtidige prosjekt

PL anbefaling for framtidige prosjekt, er at prosjektmandatet må være klarlagt når PL starter arbeidet med neste fase. Rett organisering, med dei rette folka, er viktig for å sikre god forankring i prosjektet. Min anbefaling er at prosjekteigar bør ha høgste forankringsnivå i kommunen, gjerne rådmannen, sidan dette prosjektet er såpass breitt og røyrrer ved alle sektorar. Dei som blir med vidare, må ha lyst, dei må sjå verdien av arbeidet som blir gjort, og dei må bli verdsatt for jobben dei gjer. Då er sjansen stor for at me kan lykkast i prosjektet.

I neste fase må me ha klar ein prioriteringsliste over dei områda som me kan klare å gjennomføre, og starte med dei områda som er minst ressurskrevjande. Ein vesentleg faktor for å lykkast i hovudprosjektet, er at me får tildelte prosjektmidlar.

For å nytte ressursar i kommunen på rett måte og dessutan hindre dobbelt arbeid, vere smart å innføre eit samarbeid med andre pågåande prosjekt, til dømes Bu- og blilyst.

Kontrakter og avtaler

Vi i styringsgruppa godkjenner i sin heilhet sluttrapporten og dei vidare anbefalingane til betringsområdar.

Borghild Ulshagen
Prosjekteigar

Elise Jacobsen
Prosjektansvarleg

Reidun Aaker
Styringsgruppa

Eldgrim Springgard
Styringsgruppa

Hilde Bjørnsvik
Styringsgruppa

Repr. frå eldrerådet

Vedlegg:

1. Utkast til oppdatert prosjektmandat
2. Skisse prosjektplan for neste fase

Viser til fagrapport som blir lagt i prosjektrommet (Ferdigstillast februar 2020).

